



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2016/149-19

Vår ref
18/72-37

Dato
26. oktober 2018

Utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta - Økonomisk situasjon i Hordaland

Vi viser til brev av 21.09.18 om utbetringar etter tunnelsikkerhetsforskrifta i Hordaland der de ber om at staten ved Storting og Regjering tek ansvaret og syter for at fylkeskommunane med mange tunnelar vert sikra økonomiske rammer til iverksetjing av forskrifta.

Samferdselsdepartementet har vore i kontakt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet i handsaminga av brevet dykkar.

Samferdselsdepartementet ønsker kort å presisere at fylkesvegtunnelar ikkje er omfatta av tunnelsikkerhetsdirektivet då direktivet berre gjeld tunnelar på TEN-T-vegnettet, som er delar av riksvegnettet (<https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/nyheter/justert-versjon-av-ten-t-roads>). Tunnelsikkerhetsforskrifta for fylkesvegar er derfor basert på nasjonalt regelverk.

Det er rett at det er lagt til grunn at 2019 er det siste året fylkeskommunane får særskilt kompensasjon i samband med tunnelsikkerhetsforskrifta. For 2019 ligg det inne i budsjettet 43 589 000 kr til dette føremålet for Hordaland fylke.

Vi har merka oss innspelet og tek det med oss i Regjeringa sitt vidare arbeid.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Vivi Merethe Natvig
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Vivi Merethe
Natvig
22 24 90 68